



Hordaland fylkesting

Dato: 31.08.2018

Vår ref.: 2014/23124-7

Dykkar ref.:

## Partsbrev - Juridisk betenkning frå Deloitte om habilitetsvurderingar ifm. deltaking i revisjonar

Vedlagt følgjer til orientering partsbrev i sak PS 72/18 Juridisk betenkning frå Deloitte om habilitetsvurderingar ifm. deltaking i revisjonar. Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tar Deloitte si juridiske vurdering i høve habilitetsvurderingar i samband med handsaming av revisjonsrapportar i fylkestinget til orientering.*
2. *Vedtaket, saman med den juridiske vurderinga, vert send fylkestinget til orientering.*

Som det går fram av den juridiske vurderinga frå Deloitte konkluderer dei slik på side 1:

### **«Oppsummering og konklusjon**

*Etter vår oppfatning vil ikke forvaltningslovens § 6, 2. ledd eller kommunelovens § 40 nr 3 medføre inhabilitet for fylkestingsrepresentanter når disse har vært intervjuet eller har deltatt i spørreundersøkelser knyttet til en revisjonsrapport. Fylkestingsrepresentantens «deltakelse» består i å gi svar på faktiske forhold, som så i neste omgang anonymiseres og inngår i ekstern rådgivers rapport. Rapporten fremlegges dernest for kontrollutvalget som i neste omgang forelegger den for fylkestinget med forslag om behandling/vedtak i fylkestinget. En slik perifer deltagelse vil vanskelig kunne medføre inhabilitet for fylkestingsrepresentanter basert på nevnte inhabilitetsbestemmelser.»*

### Påskrift frå utvalsleiar og sekretariat :

Det vert i tillegg gjort merksam på at det på side 2, under overskrifta «Forvaltningsloven §6, 2net ledd», 5. avsnitt kjem fram slikt atterhald:

*«Det er Deloitte's konklusjon at en fylkestingrepresentant som utgangspunkt ikke er å anse som inhabil etter forvaltningsloven § 6, annet ledd dersom dennes involvering er begrenset til å uttale seg om faktiske forhold som benyttes i en ekstern rapport. Det presiseres at særlige forhold kan medføre at dette utgangspunktet endres, og at det således i enkelttilfeller må gjennomføres en konkret vurdering av om slike særlige forhold påvirker den enkelte fylkestingrepresentants habilitet.»*

I telefonsamtale mellom sekretariatet og Deloitte 07.09.2018 understreket Deloitte at det kun i sjeldne tilfeller vil kunne oppstå en situasjon slik at atterhaldet er aktuelt.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:

Fylkesrådmannen  
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA  
Bertil Søfteland

Arkivnr: 2014/23124-5  
 Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval           | Saknr. | Møtedato   |
|-----------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet | 72/18  | 27.08.2018 |

## Juridisk betenkning frå Deloitte om habilitetsvurderingar ifm. deltaking i revisjonar

### Bakgrunn for saka:

I samband med møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 12.03.2018 vart m.a. dette protokollert under sak PS 27/18 Eventuelt:

#### «Habilitets vurdering i sak PS 8/18 i fylkestinget 07.03.2018:

Kontrollutvalet ber Deloitte lage ei juridisk betenkning i høve habilitetsvurderingar i samband med handsaming av revisjonsrapportar i fylkestinget. Dette gjeld om fylkestingsrepresentantar kan vera ugilde når dei t.d. har vore intervjuet eller vore deltakar i ei spørjeundersøking som skal danne grunnlag for ein revisjonsrapport. Utgangspunkt kan vera desse sakene:

- Sak PS 8/18 «Forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del2» – Revisjonsrapport» i fylkestinget 07.03.2018
- Revisjonsrapport om «Arkiv og offentlegheit» som skal handsamast i kontrollutvalet 07.05.2018 og i fylkestinget 12.06.2018 der alle fylkestingsrepresentantane vart bedne om å svare på ei spørjeundersøking som ein del av grunnlaget for revisjonen
- Fylkesvaraordførar uttrykte i samband med handsaming av sak PS 8/18 i fylkestinget 07.03.2018 at han hadde vore intervjuet i samband med fleire forvaltningsrevisjonar utan at han hadde fått vurdert sin habilitet i samband med handsaminga i fylkestinget

### **Vedtak**

Kontrollutvalet ber Deloitte lage ei juridisk betenkning i høve habilitetsvurderingar i samband med handsaming av revisjonsrapportar i fylkestinget. Dette gjeld om fylkestingsrepresentantar kan vera ugilde når dei t.d. har vore intervjuet eller vore deltakar i ei spørjeundersøking som skal danne noko av grunnlaget for ein revisjonsrapport.»

### Drøfting:

Sekretariatet mottok 15.08.2018 vedlagte juridiske betenkning i form av eit memo der Deloitte advokatfirma AS gjer greie for deira vurdering av spørsmålet i vedtaket over. I oppsummeringa og konklusjonen går det fram dette:

*«Etter vår oppfatning vil ikke forvaltningslovens § 6, 2. ledd eller kommunelovens § 40 nr 3 medføre inhabilitet for fylkestingsrepresentanter når disse har vært intervjuet eller har deltatt i spørreundersøkelser knyttet til en revisjonsrapport. Fylkestingsrepresentantens «deltakelse» består i å gi svar på faktiske forhold, som så i neste omgang anonymiseres og inngår i ekstern rådgivers rapport. Rapporten fremlegges dernest for kontrollutvalget som i neste omgang forelegger den for fylkestinget med forslag om behandling/vedtak i fylkestinget. En slik perifer deltakelse vil vanskelig kunne medføre inhabilitet for fylkestingsrepresentanter basert på nevnte inhabilitetsbestemmelser.»*

#### Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar Deloitte si juridiske vurdering i høve habilitetsvurderingar i samband med handsaming av revisjonsrapportar i fylkestinget til orientering. Det vert vidare tilrådd at vedtaket, saman med den juridiske vurderinga, vert send fylkestinget til orientering.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar Deloitte si juridiske vurdering i høve habilitetsvurderingar i samband med handsaming av revisjonsrapportar i fylkestinget til orientering.
2. Vedtaket, saman med den juridiske vurderinga, vert send fylkestinget til orientering.

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.08.2018**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Birte Bjørkelo, orientert om den juridiske vurderinga og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tar Deloitte si juridiske vurdering i høve habilitetsvurderingar i samband med handsaming av revisjonsrapportar i fylkestinget til orientering.
2. Vedtaket, saman med den juridiske vurderinga, vert send fylkestinget til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Memo HFK inhabilitet